



Innkalling
av
Utval for helse og omsorg - styringsgruppe

Møtedato: 09.05.2022

Møtestad: Helsehuset 6. etasje - møterom Mongstad

Møtetid: 09:00 - 15:00

Eventuelle forfall må meldast til per tlf. , sms til
eller per epost til

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|--------------|---|
| 003/22 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 004/22 | Godkjenning av møteprotokoll styringsgruppemøte 22.04.2022 |
| 005/22 | Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg - styringsgruppemøte 09.05.2022 |

5. mai 2022

Ståle Juvik Hauge
møteleiar

møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 05.05.2022

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|----------------|--|-----------------|
| 003/22 | Utval for helse og omsorg - styringsgruppe | 09.05.2022 |

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 05.05.2022

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|----------------|--|-----------------|
| 004/22 | Utval for helse og omsorg - styringsgruppe | 09.05.2022 |

Godkjenning av møteprotokoll styringsgruppemøte 22.04.2022

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

05.05.2022 Protokoll - styringsgruppemøte HO 22.04.2022

1735067



Møteprotokoll for Utval for helse og omsorg - styringsgruppe

Møtedato: 22.04.2022
Møtestad: Kommunehuset Frekhaug - formannskapssalen
Møtetid: 09:00 - 14:30

Møte i utval for helse og omsorg som styringsgruppe for kommunedelplan helse, sosial og omsorg.

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|---|--------------|--------------|
| Alexander Helle | R | Medlem |
| Else Marie Skartveit Dale | KRF | Medlem |
| Kirsti Gjetle Floen | AP | Medlem |
| May-Irene Wergeland | SP | Nestleiar |
| Roy Bø | UAVH | Medlem |
| Ståle Juvik Hauge | AP | Utvalsleiar |
| Sølvi Gripsgård Knudsen – permisjon kl. 10-11.00 – erstatta av Astrid Anne Fjeldstad - SP | SP | Medlem |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle |
|----------------------------------|--------------|--------------|
| Thore Helland | SP | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Erstatter medlem |
|---------------------------------|--------------|---|
| Astrid Anne Fjeldstad | SP | May-Irene Wergeland-SP fekk permisjon frå kl. 13.00 |

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Det var 7 av 8 medlemmar til stades i styregruppemøtet.

Sakliste

| Saknr | Titel |
|--------------|---|
| 001/22 | Godkjenning av innkalling og sakliste 22.04.2022 |
| 002/22 | Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg - styringsgruppe |

001/22: Godkjenning av innkalling og saksliste 22.04.2022

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for helse og omsorg - styringsgruppe 22.04.2022:

Behandling:

Utvalet som styringsgruppe godkjende innkalling og saksliste.

HOST- 001/22 Vedtak:

002/22: Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg - styringsgruppe

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren legg fram saka til politisk drøfting.

Utval for helse og omsorg - styringsgruppe 22.04.2022:

Behandling:

Styringsgruppa for kommunedelplan helse, sosial og omsorg drøfta spørsmål knytt til vidare framdrift og møteplan.

Styringsgruppa ønsker å oppretthalda noverande møteplan. Dette gjer at styringsgruppa ikkje har behov for å få tilsendt presentasjonar i forkant av komande arbeidsmøte, men at presentasjonar kan leggest fram i møte. Presentasjonar nytta i kvart enkelt møte vert ettersendt styringsgruppa.

Det vart gitt følgjande presentasjonar i dette styringsgruppemøtet:

- Kategori 3 i aktivitets- og meistringstrappa. Status og innhald per trinn - v/Simon W. Grandahl-rådgjevar helse og omsorg adm.
- Ufordringsbilde for legesituasjonen i Alver - presentasjon v/Tord Moltumyr-tenesteleiar helse

Det vart i møtet kort presentert eit utkast på nokre dømer på målformuleringar, og dette dokumentet vart sendt styringsgruppa etter møte 22.04. Ein vil arbeide vidare med desse målformuleringane i komande møte.

Styringsgruppa drøfta saka - ingen vedtak.

HOST- 002/22 Vedtak:

Styringsgruppa drøfta saka - ingen vedtak.

<arkivID><jplD>
Plannavn-
Kommunedelplan
Helse, sosial og
omsorg, Komnr-4631,
FA-L1

Arkiv:

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 05.05.2022

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--|------------|
| 005/22 | Utval for helse og omsorg - styringsgruppe | 09.05.2022 |

Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg - styringsgruppemøte 09.05.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren legg fram saka til politisk drøfting.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for helse og omsorg.

Bakgrunn

Viser til kommunestyret sak 061/22 datert 07.04 om Roller og arbeidsform for politiske styringsgrupper.

Alver kommune held på med planprosess i høve til kommunedelplan helse, sosial og omsorg. Utval for helse og omsorg er styringsgruppe for arbeidet, og det er etablert referansegruppe.

Viser og til Utval for helse og omsorg – styringsgruppe sak 002/22.

Saksopplysningar:

I komande arbeidsmøte 09.05 vil ein ha fokus på trinn 4-6 i aktivitets- og meistringstrappa jamfør kategorisering arbeid, aktivitet, bustad og meistring. Vidare vil ein få ei orientering om utfordringsbilde sett frå NAV på aktuelle tema som:

- Utanforskap og arbeidskraft
- Kvalifiseringsprogram
- Flyktningar og integrering
- Kommunale tilbod, verkemiddel og innsats ovanfor ungdom
- Sosialhjelp, barnefamiljar, økonomi og gjeldsrådgjeving

I arbeidsmøta blir det og arbeidd med aktuelle forslag til mål og strategiformuleringar som er relatert til utkast Samfunnsplan. Dette arbeidet er i kontinuerleg prosess og utvikling fram til endeleg vedtak Samfunnsplan, og deretter vedtak om å sende kommunedelplanen på høyring.

Utvalet fekk eit utkast på nokre dømer på målformuleringar etter møte 22.04. Ein vil arbeide vidare med desse i komande møte.

Noverande framdriftsplan tilseier vedtak om å sende kommunedelplan helse, sosial og omsorg på høyring ila september 2022.

